

Handlingsplanen skal reviderast

15.01.2015



Pornthip Pomngern har hatt stor suksess med sal av Thaimat sentralt i Uskedalen og dette var eit prosjekt som Uskedal Utvikling engasjerte seg sterkt i. Akkurat no er ho på vinterferie heime i Thailand, men ho kjem att om ein månad. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Årsmøtet i Uskedal Utvikling nærmar seg, det skal haldast i Gamleskulen onsdag 4. februar. Ein viktig sak utanom dei faste postane som skal handsamast er revisjon av handlingsplanen for UU.

Den som har vore gjeldande det siste året finn ein til venstre på denne sida. Den er det viktig å studera slik at ein eventuelt kan koma med innspel om reviderte eller nye postar.

Har du noko nytt å komma med framlegg om bør dei sendast styret i god tid før årsmøtet slik

at dei kan vurderast. Eit viktig punkt som det ikkje er nokon grunn til å endra er å syna positiv merksemd og halda fram med å stimulera næringsutvikling.

Uskedal Utvikling har 4 arbeidsgrupper i tillegg til styret. Det er ei redaksjonsgruppe, ei arbeidsgruppe for Gamleskulen, ei arbeidsgruppe for kultur, turisme og profilering og gruppa som er kalla Dialogforum. Aktiviteten varierer mellom gruppene og det vert eit tema på årsmøtet om organisasjonsplanen skal gjerast enklare.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen